

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 3 2022

Bøverdalen - Lom - Garmo

81. årgang



LOM KYRKJEKOMMUNE

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd
Bente Sulheim Ovesen, tlf. 979 77 213
bente@ovesenpost.no

Sokneprest
Hans J. Sagrusten, tlf. 404 94 871
hans.johan.sagrusten@lom.kommune.no

Kyrkjeverje
Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær
Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar
Jonas Fjeld
Odd Gunnar Bergli
Tlf. 400 62 194
Kyrkjetenar@lom.kommune.no

Organist
Reidar Svare, tlf 900 32 601
reidar.svare@lom.kommune.no

Trusopplærar
Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
Endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta
Tlf. 970 75 397
Booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet
Konto: 2085 07 11772 (merk "kyrkjeblad")
Bladpengar pr. år:
Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,-
Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe
Anne Sulheim, Runa Smedsmo, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett
Rønnaug Nyrnes og Guri Husom

Trykk
Dale-Gudbrands Trykkeri as
Tlf. 61 27 73 50 Lasse@dg-trykk.no

Presten sine tankar

Gud talar språket vårt

Da Jesus vart fødd, vart han eit menneske som oss. Han vart fødd akkurat slik som andre småe gutar. Dette er det vi kallar inkarnasjonen – eit latinsk ord som tyder at Gud kler seg i kjøt. Han blir ein av oss og er ikkje lenger langt borte.

«Nå har Gud vorte ein av oss!» sa ei kvinne i Etiopia. «Nå talar Gud språket vårt!» heldt ho fram. Eg sat i den same stråhytta og hørde da ho sa det. Kva var det som hadde skjedd?

Ho hadde for fyrste gong høyrte ei bibeltekst bli lesen på hennar eiga språk, som heiter hadiyya. Ho trudde nok ikkje at Gud kunne bruke språket hennar. Ho trudde at ho og dei andre i grenda hennar måtte lære fellesspråket amharisk, som vart brukt i kyrkja kvar helg. Men nå kunne Gud tala språket hennar, i den nye bibelteksta ho hørde lesen.

Gud kan bruke alle språk. Bibelen kan omsetjast til alle slags språk, og vi treng ikkje å lære oss korkje engelsk eller dansk for å høyre Guds ord. Vi kan høyre Bibelen på vårt eiga mål.

Læresveinane til Jesus tala dialekt. Vi veit at Peter vart avslørt den kvelden da han nekta for at han kjende han Jesus. Da var det ein som sa: «Du òg er ein av læresveinane hans! Målet ditt røper deg, du er frå Galilea, du òg!»

Også Jesus hadde dialekta si frå Galilea. Der tala dei arameisk. Dette språket dukkar opp på nokre stader i evangelia. For dei er skrivne av folk som hugsa korleis Jesus tala.

Evangelia er skrivne på gresk. Men da Markus skreiv ned det Peter fortalde – det som vart til den boka vi kallar Markusevangeliet – da tok han med nokre arameiske ord. Truleg fordi det var slik Peter hugsa at Jesus sa det.

Det fyrste ordet er det namnet som Jesus gav pengeguden: «Mammon» kalla han denne guden på arameisk. Sidan har «Mammon» vore eit ord for materialisme og pengehug.

Det andre er det han sa til ein kar som hadde vondt for å høyre: Han stakk fingrane i øyro hans og sa på arameisk: «Effata!» – det tyder: Opne deg! – og øyro hans vart oppna.

Det tredje ordet er det han sa til ei jente på tolv år, dotter til synagogeforstandaren Jairus, som nett var død: Han sa: «Talita kumi!» – vesle jente, stå opp! – og jenta stod opp.

Det fjerde ordet er det Jesus sjølv brukte når han bad: Da sa han «Abba!» – som tyder pappa eller far. Dette ordet vart sidan starten på bønna Fadervår for alle som tala arameisk.

Det femte er det Jesus ropa ut på krossen: «Eloï, Eloï, lema sabaktani» – Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Alle desse fem sitata er arameiske. Gjennom dei kjem vi så nære talemålet til Jesus at vi nesten høyrer stemma hans.

Samtidig er dette eit forbilde for alle språk i heile verda. Vi skal omsetja språket i Bibelen så det kjem like nær som den gongen, som om han Jesus stod her og tala vårt eiga mål.

Lom var den fyrste bygda på Austlandet som tok nynorsk i bruk. I 1899 vart nynorsk skulemålet her, i 1928 vart den fyrste messa på nynorsk, og i 1929 vart det gjort vedtak om at liturgien i messa skulle vera på nynorsk.

Det at kyrkja brukte dansk i 400 år, hadde på eit vis gjort nedvurderinga av det norske talemålet fullkomen: Ikkje berre tala kongen og futen dansk – til og med Gud tala dansk, gjennom bibellesingane og liturgien i kyrkja kvar sundag.

Men i dag veit vi at ingen språk er ubrukelege for Gud. Også talemålet vårt kan brukast i kyrkja. Og når vi ser at språket vårt er godt nok for Gud, skjer det noko med oss òg: Da er det som om vi òg er gode nok for Gud – at han vi ha heile oss.

Vi skal ta vare på det fine målet vi har i Lom, lik ein fin og sjeldan fjellblome. For det er noko stort, dette at Gud ville bli menneske som oss: Ingen ting menneskeleg er ubrukeleg for Gud. Heller ikkje målet vårt, eller vi sjølve.

Det er dette inkarnasjonen handlar om: Gud kan bruke alt vårt. Det er tydinga, når vi seier at Gud vart ein av oss. Når vi kan bruke målet vårt i kyrkja, ser vi at Gud vil ha heile oss. Til og med måten vi pratar på.

Stykket er ein omarbeidd versjon av preika i Lomskyrkja under Diktardagar 2022, som hadde målføre som tema. Før preika vart evangelieteksta frå Johannes 15,13–17 lesen på lomvêr.



Sokneprest Hans Johan Sagrusten

Barneklangen - har du lyst til å syngje i kor?

Da kan Barneklangen vera noko for deg.

Vi syng kjende songar, men prøver óg å lære oss nye.

Etter kvart kan vi opptre i kyrkja, Helseheimen, Friviljugsentralen og andre stadar der dei vil høyre fin sang.

Vi øver anna kvar veke og neste øving er tysdag 11. oktober, rett etter skuletid.

Vi møttest på Loar Skule, går ned til Kyrkjelydshuset og får ein matbit, og så syng vi til kl 16.00.

Aldersgrense er frå 1. klasse og oppover.

Påmelding til:

Randi Glimsdal Bakke
rglimsdal@gmail.com
913 63 856

Reidar Svare
reidar.svare@gmail.com
900 32 601

Bryllaup

Av: Anne Sulheim

«Ei brudeferd ... stod det glans og glim av langan leid. – Difor var det glåmarar både her og kvar, og ved kyrkja var glåmhopen stor ved dei store brudeferder.»

Dette skreiv Eilev Brenna for snart hundre år sidan. Her skildra han tida før det vart kyrkje i Bøverdalen (1864), og bøverdølane måtte den lange vegen til Lomskyrkja. «Salar hørde med til eit durabelt heimanfylgje,» skreiv Brenna. På gardane var det staselege salar både for menn og kvinner som kunne nyttast ved slike høve. Særleg var kvinnesalane forseggjorde.

«Fremst i brudeferdi reid kjøgemeistaren, so kom brudgomen og so bruri med sine leiesveinar, og so dei nærskyldaste. Dei heldt hardt på rangen dei gamle. Ingen måtte koma lenger frami enn skyldskapen tilsa.

Elles so var det bruri alle såg etter. Og ei brur i dei dagar var noko anna ... slik ho sat der opprigga i salen på hesteryggen. Ho hadde sylvkruna på hovudet, syljor, fangsyly, og dertil silkeborder i dei mest brikjande léter, so det glima og skein. Og bruri måtte vernast um på alle vis. Det var andsvar for brudesveinane at ho kom vel fram og attende. Skam over brudesveinane um det hende bruri noko på ei slik ferd!



So kom dette staslege fylgjet skridande etter den veglause dal, etter stigar, tronge geiljar, over kleiver og galler, over svadberg, hamrar og ufs so nifse, at vi no vert øre i hovudet ved å ganga desse gamle vegar, enn segja å ride dei. Det var nok mang ei brur som det røynte på den dagen, fyrst til kyrkja, og so alt det ståket etterpå etter gamal ... skikk og bruk.»

Eilev Brenna skildrar her slik det var «ved dei store brudeferder». Men det var nok ikkje alle som hadde så staseleg brurfylgje nedover Bøverdalen.

I førkristen tid

Tidlegare var giftarmål ei avtale mellom slektene til brura og brudgomen. Det vart avtala medgift som brura skulle ha, og gåve som brudgomen skulle stille med. Så vart det drukke festarøl og bestemt når bryllaupet skulle stå. På bryllaupsdagen overgav faren brura til brudgomen med høgtidlege ord. Så vart det feira bryllaup. – Slik var tradisjonen i samband med giftarmål for dei som hørde til bondestanden, men ikkje for tenestefolk og træljar.

Mellomalderen

I mellomalderen vart brurparet vigsla utanfor kyrkjedøra. Den gongen, som no, måtte både brur og brudgom samtykke til ekteskapet. Etterpå velsigna presten ringen som vart sett på langfingeren til brura. Deretter gjekk heile brurfylgjet inn i kyrkja til bruremesse. Her vart brurparet velsigna. – På 1300-talet skulle presten dessutan vera med til bryllaupsgarden og velsigna senga når brurparet gjekk til sengs fyrste kvelden i gjestbodet.

Etter kvart som kyrkja fekk fastare fotfeste i samfunnet, fekk ho og ei viktigare rolle i samband med gjestbod. Presten overtok noko av rolla som faren eller giftingsmannen hadde hatt. Dessutan skulle det lysast i kyrkja for brudeparet dei tre siste sundagane før bryllaupet.

Etter reformasjonen

Folk i Lom opplevde neppe store endringar med ein gong etter reformasjonen (1536). Ekteskap vart helst inngått om lag slik som tidlegare. Luther hevda at ekteskapet fyrst og fremst var ei juridisk og verdsleg sak. Kyrkja kravde ikkje lenger at brurpar måtte vigslast der, men hadde det som eit tilbod. Kyrkja sin autoritet og makt var av fleire grunnar tydeleg svekka på denne tida. Men det tok ikkje mange år før kyrkja gjekk bort frå Luther sitt syn på brurvigsle.

Alt i 1580 kom det endringar. Det året var det gjeve ut ei ny altarbok. Her stod det at ekteskapsinngåing var påbode, og skulle gjennomførast inne i kyrkja. Presten fekk ei viktigare rolle, og det var han som erklærte: «.... Saa forkynder jeg eder for ret Ectefolk at vere.» I tillegg til at brudeparet sa ja til kvarandre, var det presten sine ord og handlingar som rettsleg batt dei to saman.

Ordlyden i brurvigsle frå 1580, har ikkje endra seg mykje fram til vår tid. Det som vart bestemt for snart 450 år sidan, er om lag det same syn på ekteskapet som kyrkja framleis har.

Kva for vekedag var det vanleg med brurvigsle?

Den eldste kyrkjeboka for Lom er frå 1733. Ut frå datoen kan ein finne ut vekedagen folk gifta seg. Dette året gifta omlag halvparten av brurpara seg på sundag. Da var nok vigsla i samband med høgmessa. Når det var messe i Garmo eller Skjåk, prøvde truleg presten å samle fleire oppgåver på same dag. Det var lang veg frå prestegarden i Lom og til desse kyrkjene på den tida. Elles var det brurvigsle mest alle vekedagane. Etter kvart vart det færre bryllaup på sundag. Mot slutten av 1800-talet vart laurdagar meir

vanleg som bryllaupsdag.

Heyerdahl var prest her 1836-1840. Han har notert dette i dagsregisteret i kyrkjeboka: «*Da eg maatte vente i Sakrestiet over ½ Time efter Brudfølget, der var paalagt at innfinde sig før [Guds-] Tjenestens Slutning, maatte Brudgommen, ... erlægge 36 Skilling til Fatigkassen før Vielsen blev forrettet.*» Ein gong tidlegare har han notert omlag det same.



Dette biletet er frå gjestbodet til Sjugurd og Helene Garmo i 1924. Fremst går truleg kjøgemeistaren. Bak han går brurparet. Dei er på tur inn i kyrkja. Tidlegare var det vanleg at brurparet gjekk saman inn i kyrkja. Men så kom skikken med at faren skulle føre brura inn i kyrkja. Når skjedde dette skiftet her i bygda? Vi vil gjerne ha hjelp av lesarane til å finne ut av dette!

Er det nokon som har bilete eller opplysningar som kan seie noko om når dette skiftet skjedde? Har du det, så ta kontakt med kyrkjekontoret!

Bryllaup

Ordet bryllaup kjem av 'brurlaup'.
Opphavleg har det truleg hatt tydinga:
heimføring av brura i snøgt laup.

Nynorskordboka

Kjelder:

Brenna, Eiliv. Årbok for dørlaringen, 1933.
Fæhn, Helge: Gudstjenesteliv i Den norske kirke, Universitetsbiblioteket 1994.
Kyrkjebøkene for Lom.
Nynorskordboka

Messe ved Tesse

Ei triveleg og solrik utemesse ved Tesse den 24. juli.



Takk til Jan Marstein

Som dei fleste veit, så krev det både tid og pengar å tjærebreie Lomskyrkja. Arbeidet på kyrkjegardsmuren starta i mai, men det vart funne langt fleire rotne bord og spon enn det vi fyrst hadde rekna med, så Stokk og Stein AS måtte prioritere å reparere treverket i fyrste omgang. Tjærebreiinga av muren må difor vente til 2023. Men sjølve kyrkja får i september eit sårt trengd strok med tjære. Lom kyrkjelege råd er så heldige at vi har fått ei gåve frå Jan Marstein på kr 100 000,- som tilskot til tjærebreiinga.

Hjarteleg takk til Jan som har ytt ei god hjelp til dette arbeidet, det kjem godt med!



Orgelkonsert i Lomskyrkja



Vemund Olav Aukrust og Mirjam Laetitia Haag inviterte til konsert i Lomskyrkja fredag 19. august. Dette vart ei flott oppleving for dei mange som møtte opp av både bygdefolk og turistar. Som Vemund Olav sa så hadde dei ikkje rekna med at så mange kom, difor vart det for lite opptrykte program. Men Vemund Olav fortalde i fleire bolkar kva som vart spelt, så vi fekk informasjonen vi trengte.

Mirjam Laetitia Haag byrja studia sine i kyrkjemusikk ved HfK i Rottenburg am Neckar i 2014. Studia hennar utanlands har teke ho til Valparaiso (USA), Roma, Cambridge and Groningen. Mellom lærarane hennar finn vi namn som Tobias Horn, Prof. Johannes Mayr, Peter Schleicher, Juan Paradell Solé, Prof. Sietze de Vries, Erwin Wiersinga og Prof. Ben van Oosten. Mirjam er ettertrakta som konsertorganist i Tyskland og fleire andre land. Ho spela stykke av Bach, Buxtehude, Schumann, Rheinberger og egne improvisasjonar over folketonar.

Vemund Olav Aukrust fullførte kandidatstudiet i kyrkjemusikk ved Norges musikkhøgskole i Oslo i juni, og tok til med mastergraden i orgel same stad no i haust med Karin Nelson og Kåre Nordstoga som lærarar. I 2020-2021 var han på utveksling ved HMDK Stuttgart, der han fekk god oppfylgning frå mellom andre prof. Jürgen Essl og prof. Johannes Mayr. I juli var han solist på ein orgelkonsert med orkesteret til Toppenkurset under Festspillene i Helgeland, og han har elles hausta allsidig erfaring med musikkformidling rundt om i Noreg, Sverige, Tyskland og Sveits. Mellom anna som organistvikar her i heimbygda. Vemund spela stykke av Bach og Gottfred Pedersen.

Biskopkandidatar

I løpet av hausten får vi ny biskop, som tek over etter Solveig Fiske. Solveig ynskjer å verte alderspensjonist. Kandidatane frå venstre er:

Ole Kristian Bonden (prost i Sør-Østerdal), Hege Elisabeth Fagermoen (sokneprest i Glemmen og tidlegare sokneprest i Skjåk), Tor Even Fougner (prost i Sør-Gudbrandsdal), Raag Rolfsen (prost i Sandefjord), Margunn Sandal (sokneprest i Frogner)



Fotomontasje Jorun Vang

Proessen vidare (saksa frå heimesida til Kirken.no/Hamar)

Etter presentasjonen skal det ut til en bred, demokratisk rådgivende avstemning. Flere hundre deltar i den rådgivende avstemningen og avgjør hvilke tre av de nominerte kandidatene som skal være med

videre i prosessen. Alle som skal ha den nye biskopen som arbeidsgiver og tilsynsansvarlig skal kunne si sin mening. Det gjelder 163 menighetsråd, ungdomsrådet, 120 prester i tillegg til vigslede kateketer, diakoner og kantorer i bispedømmet som skal avgi stemmer. Det gjelder også prostene i de øvrige bispedømmene, representanter fra teologiske utdanningsinstitusjoner, representanter fra Ungdommens kirkemøte og Samisk kirkeråd.

Når tre kandidater gjenstår, skal alle biskopene og bispedømmerådet i Hamar gi sin uttalelse. Ny biskop vert tilsett av Kirkerådet i veke 45.

Konfirmantpresentasjon i Bøverdal kyrkje

Sundag 18. september vart våre nye konfirmantar presentert for kyrkjelyden i Bøverdalen, der dei og fekk kvar sin konfirmantbibel. Denne skal brukast i undervisinga gjennom vinteren. Det er 21 ungdommar som har meldt seg opp som konfirmantar dette året.



Avskjed med biskop Solveig høsten 2022

Intervjuet er gjort av redaktør i Løten menighetsblad, Amund Sigstad

1. Når ble du ansatt som biskop? Hvordan ble du mottatt i bispedømmet?

Jeg ble vigslet til biskop i Hamar domkirke 17. desember i 2006. Da kom jeg fra stillingen som personalsjef ved Hamar bispedømmekontor etter 12 år som sokneprest i Løten. Jeg opplevde å bli tatt imot med tillit, vennlighet og raushet.



2. Hadde du et motto og en programerklæring ved tiltredelsen?

Jeg hadde med meg et ønske om å formidle evangeliet slik at mennesker kjenner at det berører og gir styrke og håp. Jeg hadde, og har et motto: «Ei kirke for alle». Altså ei kirke som er til stede i lokalsamfunnet, ei folkekirke. Jeg har ofte brukt lignelsen om sennepsfrøet som Jesus fortalte til å fargelegge dette. Lignelsen forteller om frøet som blir til ei stor plante, et tre med greiner der det er god plass for fuglene.

Dette kommuniserer godt med Hamar bispedømme sin visjon: Hellige rom for alminnelige liv. Visjonens formuleringer sier at folkekirka tar utgangspunkt i folks alminnelige liv og inviterer til å forstå og tolke livet i lys av evangeliet om Jesus Kristus. Å ta utgangspunkt i menneskers alminnelige liv med lengsler og behov er en programerklæring: midt i folks liv skal kirka være, for å vise at Gud er der også.

3. Hvilke utfordring og oppgaver møtte deg i eget bispedømme, eller i hele kirke-Norge?

Den første utfordringen var å likestille heterofilt og homofilt samliv også med en rituell handling i kirken. Jeg ga min støtte til kjønnsnøytral ekteskapslov som kom i 2008. Fra første februar i 2017 ble likekjønnede ønsket velkommen til ekteskapsinngåelse foran alteret, og ett minutt over midnatt ble det første homofile paret viet her i landet, i Eidskog kirke. Det kjennes naturlig at det første ekteskapet med to av samme kjønn ble inngått her i Hamar bispedømme.

Flere av våre biskoper har vært med å rydde vei slik at kirken nå fremstår som en åpen folkekirke; Kristian Schjelderup og Georg Hille i innsatsen for kvinners prestatetjeneste. Og ikke minst Rosemarie Köhn som også huskes for sin kamp for likestilling og deriblant homofiles rettigheter. Det var banebrytende da hun gjeninnsatte Siri Sunde i tjeneste i februar 1999 etter at Sunde i 1997 hadde inngått partnerskap mens hun var i tjeneste som kapellan i Nordre Land, og som en følge av det ble permittert i stillingen. Og endelig, i 2017, er alle kirkedørene i vårt bispedømme åpne for alle som ønsker å gifte seg i kirken.

Jeg er glad for at dette skjedde på «min vakt».

En av de største endringene i kirken i min periode er at vi ikke har en statskirke, men en grunnlovsforankret folkekirke. Den nye loven om trossamfunn innebærer mange muligheter for samarbeid og samhandling i et livssynsåpent samfunn. For vi lever i et samfunn i endring. Befolkningen endrer seg både i by og bygd og vi får flere med ulik etnisk bakgrunn. Det fordrer åpenhet, gode kulturmøter og dialog om identitet, kultur og religion. Spennende!

Gjennom medlemsundersøkelser vet vi at kirken står sterkt i Hamar bispedømme. Sju av ti innbyggere er medlem i Den norske kirke og tallene er veldig stabile. Undersøkelsene viser også at kirkebyggene er viktige for folk.

Det har skjedd viktige endringer og framskritt i Den norske kirke de siste tiårene. Men livsvilkårene for mennesker med LHBT + identitet er et samfunnsspørsmål langt ut over Den norske kirke. Jeg har derfor forsøkt å bære engasjementet også ut over det indrekirkelige ved å søke allianser hos politikere, samfunnsinstitusjoner, organisasjoner, hos andre kirker og trossamfunn og på tvers av landegrensener.

4. Kjernesaker i din tid som biskop.

En av kirkens viktigste oppgaver er å peke på at urett angår oss alle. Kirken må velge ståsted ved å se den enkelte – og bekrefte deres verd. Derfor har jeg hatt et stort engasjement for menneskeverd og rettferdighet.

Likestilling og likeverd i kirke og samfunn har også alltid vært viktig for meg. Dette engasjementet har jeg hatt med meg inn i bispegjernen. Det er preget av at jeg ofte tenker på hvordan Jesus møtte mennesker med respekt og at møtene førte i livets retning.

«Urett angår oss alle» speiles også i mitt engasjement for papirløse flyktninger, asylbarna og kvinner som utsettes for vold. Blant annet er jeg Den norske kirkes representant i styringsgruppen for kampanjen «Rød knapp - Stopp vold mot kvinner» og jeg har tidligere vært styreleder i Vake kirkelig ressurscenter mot seksuelle overgrep.

– Vil vi være en kirke som bringer håp, og forkytter budskapet om den store gleden for alt folket, må vi våge å nærme oss menneskers livserfaringer.

5. Hva har du vært mest fornøyd med? Hva har gledet deg mest?

Da vil jeg trekke fram visitasene der jeg har møtt folk i alle aldre. Det har vært til stor glede og inspirasjon. Uansett hvor jeg er, også i andre anledninger møter jeg folk som er engasjerte og glade i kirka si. Dette gjenspeiler seg også i medlemsundersøkelser. Det er sterkt å oppleve dugnadsinnsats, iherdig og planmessig vedlikehold og jeg vil også si: sorgen når en kirke brenner.

I løpet av min periode har trosopplæringsreformen blitt innført over hele landet. Den har gitt oss mulighet til å skape gode aktivitetstilbud og møteplasser for barn og unge i lokalsamfunnet.

Jeg vil også trekke fram gode samarbeid på tvers med ulike samarbeidspartnere. Slik har vi fått til større satsinger i forbindelse med bokåret, ved olsok og nå som arrangement på veien til Nasjonaljubileet 2030.

I kirken kommer vi ofte i berøring med folks følelser. Da har jeg ofte opplevd hvordan sang og musikk kan nå inn, forsterke glede og lindre sorg. Jeg har stor glede av musikken, møtene med utøverne og få oppleve betydningen musikken har. Det er en stor glede hver dag å tenke på hvordan kirkemusikerne våre og alle andre av kirkens ansatte legger til rette og gjør sitt beste for at folk skal få gode opplevelser i møte med kirkas tilbud og aktiviteter.

6. Saker eller forhold som du gjerne ville hatt ugjort?

Kirka skal være et sted hvor folk skal kunne komme med livene sine. Da er det viktig at folk har tillit til kirkens øverste ledelse. Som biskop er jeg ikke alene. Det er svært gode fagpersoner på ulike fagfelt som er knyttet til bispedømmekontoret og Den norske kirke. Også i bispekollegiet har jeg gode folk jeg kan ta opp krevende saker med.

Det er ingen ting jeg angrer på, men noen ganger har jeg tenkt at ting kunne vært sagt eller gjort på en annen måte. Det betyr ikke så mye så lenge det ikke går ut over noen, men kan ta fokus bort fra det jeg egentlig ønsker å formidle.

7. Vi har registrert at nye utfordringer og krav dukker opp til siste arbeidsdag. Er dette krevende å håndtere på slutten av din periode som biskop?

Jeg vet ikke akkurat om at det er noe spesielt nå ut over at det arbeides med framtidig kirkelig organisering. Av og til kan det være debatt om saker slik som om Teater Innlandets oppsetning nå i høst, men det fører til ordskifte som jeg opplever er viktige og nødvendige mer enn krevende.

8. Har du noen gode råd til din etterfølger? Hvilken kurs ønsker du at den nye biskopen skal ta?

Nei, jeg har ingen råd å gi her. Det kan tenkes jeg kan kviskre noen råd direkte til den nye biskopen. Jeg ser med forventning fram til at en ny biskop skal begynne. Jeg er trygg på at vi får en framoverlent og god biskop!

9. Har du noen forventninger til din nye livssituasjon?

Jeg håper å kunne dyrke vennskapets gleder og muligheter. Kanskje gå på kafé på en vanlig hverdag og ikke minst ha mer tid til barnebarna og familien ellers.

10. Ser du og din familie fram til å flytte tilbake til Løten?

Vi ser fram til å ta i bruk huset vårt som har vært utleid. Det blir rart å flytte fra Hamar og det gode bomiljøet vi har hatt stor glede av i Olav Myntmesters gate. Nå ser vi fram til nye dager i Sletmoveien.

Messe ved Dalsvatnet

Når vi inviterer til utemesse, er det heile tida spanande korleis veret vert. Det har skjedd at vi har måtte flytte innomhus. Søndag 28. august var det spådd vindstille, opphald og 7-8 grader. Vi kryssa fingre for at det skulle slå til. Jammen kom sola fram også, og det gjer sitt til at stemninga vert bra. Anne Kristin og Sven Aasmundtveit bidrog i messa med tekstlesing og song. Reidar og Hans spelte fløyte og kontrabass til songen.





I anledning Terje sin avgang til pensjonistlivet fekk han overrekt ei blomsterhelsing frå Lom kyrkjeleg råd, ved rådsleiar Bente Sulheim Ovesen.



Heim og ætt

Døypte:

Lom:

10.07 Oliver Haugen
21.08 Syver Skogstad Rusten
21.08 Mathea Kvåle Eggen
04.09 Norval Madsen
04.09 Even Bakke
04.09 Olav Rusten Watne



Vigde:

Bøverdalen:

25.06 Ida-Elise Lindset Trangen og
Andreas Halvor Jøntvedt Bock



Lom:

04.06 Linda Margareth og Frank Emil Nilsen Sandvik
11.06 Helene Magnus og Torjus Nyernes
30.07 Ane Martine Rønningen og Kristoffer Lien
06.08 Anette Bersu og Yngve Stee
03.09 Torunn Trønnes og Isak Jerpstad
10.09 Inger Lene Skaansar og Andreas Stenersen
17.09 Mia Høyberg Lauvli og Tormod Høyberg

Jordfesta:

Lom:

12.07 Gudny Frøise f.1948
05.08 Kjell Kroken f. 1966
27.09 Harald Grasdalsmoen f. 1944
30.09 Magne Helge Gaukstad f. 1938



Garmo:

30.09 Eldri Karen Byre f. 1939

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finna giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set og stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit gåvetips? Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side to. Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet.

Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.

Lom kyrkjekommune på Vipps:

Ofring ved messer: 132954
Blomefondet: 533520

Dersom du ynskjer å stå på lista til blomefondet ved gravferder, lyt du ringe til banken. Dei trekkjer og direkte frå kontoen din om du ringjer. Enkel og grei måte om du vil gje på blomefondet.

Sparebank 1 Lom og Skjåk sitt nummer:
61 21 90 00

Omsorg/diakoni

Lom kyrkjelege råd har drøfta kva slags omsorgstenester vi kan tilby, og vi vil gjerne høyre om det er nokre friviljuge som kan vera med? Anten du veit akkurat kva du kunne tenkje deg å bidra med, eller om du berre vil høyre litt om kva som er mogleg, er du velkomen til å ta kontakt.

Vi har nokre døme på kva vi som kyrkje i Lom kommune kan bidra med:

- Ulike tiltak for dei som er i ei sorgfase eller slit med einsemd
- Vera i lag med flyktningar på ulike aktivitetar
- Har du fleire forslag?

Kom gjerne innom kyrkjekontoret i 3. etg på Midtgard, send ein e-post til kyrkjekontoret@lom.kommune.no eller ta ein prat på telefon 48 16 55 27.

Oversikt over diakoni hausten 2022

Bibelkveldar

Tysdagar kl. 19.30

25. oktober	19.30	Bibelkveld
22. november	19.30	Bibelkveld

Salmekveldar

Tysdagar kl 19.30

18. oktober	19.30	Salmekveld
15. november	19.30	Salmekveld
6. desember	19.30	Salmekveld

Støtte til kyrkjebladet

Vi hadde tenkt å spare pengar ved å ikkje leggje ved trykt giro i bladet. Vi ser at det er veldig få utanbygdes som har betalt for kyrkjebladet, og veldig få innanbygds som har betalt det frivillige "abonnementet." Difor legg vi med giro i dette bladet.

Frå neste år kjem giro som vanleg i blad nr. 2.

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

Sundag 02. oktober

LOM KYRKJE kl. 11:00 Barnedåp og utdeling av 4-års bok.
Offer til Redd Barna.

Sundag 16. oktober

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00 Konfirmantjubileum.
Offer til TV-aksjonen.

Sundag 16. oktober

LOM KYRKJE kl. 19:00
Offer til TV-aksjonen

22. -23. oktober

Konfirmanttur til Trondheim

Sundag 30. oktober

LOM KYRKJE kl. 11:00 Messe med dåp.
Offer til Lom kyrkjelydshus

Sundag 30. oktober

GARMO KYRKJE kl. 19:00
Offer til Lom kyrkjelydshus.

Sundag 06. november

LOM KYRKJ kl. 19:00 Helgemesse. Vi minnest dei som har gått bort siste året. Pårørende får invitasjon i posten.

Sundag 20. november

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00
Offer til Frelsesarmeen

Sundag 27. november

LOM KYRKJE kl. 15:00 Ljosmesse med utdeling av kalender til 3-åringane. Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing.
Offer til Familievernkontoret.

Sundag 27. november

GARMO KYRKJE kl. 19:00 Ljosmesse. Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing.
Offer til Familievernkontoret.

Sundag 04. desember

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00 Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing.
Offer til trusopplæringa.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.no> - eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune.

Dette skjer i



UTGARD

14. okt	Kl. 18:00 – Helt Super / Kl. 20:00 – Jentetur
15. okt	Kl. 19:30 – Jakupscena - Kartellet "Danse staur, danse staur"
21. okt	Kl. 19:30 – HEIA LOM! 2022
28. okt	Kl. 19:30 – Nytt Land
25. nov	Kl. 18:00 – Tre nøtter til Askepott / Kl. 20:00 – Black Panther: Wakanda Forever
07. des	Kl. 19:30 – "Før jeg glemmer at jeg elsker deg, jeg elsker deg"

billetter og meir informasjon: www.lom.no



Bok-kaféen på Lom folkebibliotek

Bok-kaféen på biblioteket opna 16. juni i år. Her byr vi på kaffi i ulike variantar, te og kakaο frå kaf-fautomaten. Vi kan også by på heimebaka tradisjonsbakt. Torbjørg Nyøygard leverer rumbrod og avletter, og Randi Plassen bakar mølteser - alt av ypparste merke. Kaféen er open i opningstida til biblioteket. Når vi kjem i gang med meitrope bibliotek frå nyttår, blir kaféen også open når biblioteket er sjølvbetent.

Vi ynskjer at bok-kaféen skal bli ein møteplass for folk i bygda og for tilreisande, ein stad der folk kan kome innom for å lese aviser eller blad, der ungdom kan trefast for å prate eller spelar spel, der famil-iar kan sette seg ned og bruke litt lengre tid på bibliotekbesøket, der eldre og einslege kan treffe andre og der folk kan sitte og jobbe eller gjennomføre møte. Lag og organisasjonar kan også bruke kaféen til møte på kveldstid. Det er ingen kjøpetvang i kaféen. Det går an å sitte der utan å kjøpe seg noko.

Vi legg også opp til fleire arrangement i kaféen i løpet av året. Dette kan vera arrangement der vi in- viterer forfattarar eller føredragsheldarar eller det kan vera arrangement i eigen regi. Vi har ei målset- jing om å invitere til Litterær lunsj ein gong kvar månad. På Litterær lunsj les vi høgt frå bøker knytt til bestemte tema eller frå bøker vi likar medan folk kosar seg med god mat frå kjøkenet på Lom helseheim. **Velkomne til ei triveleg stund i kaféen vår!**

Frivillige flyktingtenesta

Onsdag 19. oktober blir det oppstart av språkkafe/norsktraining for ukrainske flyktingar på frivilljugesentralen. For å lære norsk bør ein ha norske folk å prate med. Det er derfor stort behov for frivilljuge.

Frivilljuge som ynskjer å bidra kan sende ein e-post til flyktingkonsulent Lone: lone.l.thoresen@lom.kommune.no eller møte opp på Lom frivilljugesentral onsdagar kl. 09:00.

Vi serverer kaffe, te og noko å bite ti. Målet er å bli kjend og lære norsk. Nokre av flyktingane har kanskje med seg skulearbeid dei treng hjelp med.

Språkkaféen vil gå føre seg fast kvar onsdag frå 19. oktober 2022.

Praksislass for flyktingar

Flyktingtenesta er stadig på jakt etter praksisplassar/språkkpraksisplassar for ukrainske flyktingar. Er dette aktuelt for di bedrift? Eller lurar du på om det kan vere aktuelt for di bedrift? Send ein e-post til flyktingkonsulenten: lone.l.thoresen@lom.kommune.no

Har du varme klede du ikkje treng?

Har du varme klede du ikkje treng, som er reine og heile? Da kan nokon andre ha bruk for dei. Varme klede kan leverast på Lom frivilljugesentral.

Vidare behandling av planforslaget

Da motsegnene frå Statsforvaltaren og NVE i hovudsak er trekte, ligg det an til at kommunen kan gjere vedtak av den reviderte planen.

Administrasjonen jobbar med å gå gjennom alle høyringsuttalene med tanke på eventuelle endringar av planforslaget for det leggst fram for politisk behandling. Går alt etter framdriftsplanen, reknar ein med vedtak av planen før jul.

Oppretthalde ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, og er knytt til at det er vanskeleg å etablere veg til kai/leiegg/ serviceanlegg utan å røke dyrka jord og areal som er kartlagde som viktige naturtypar.

Motsegnene som var reist mot planforslaget frå NVE og Statsforvaltaren knytt til masseuttak, i sær da dei uttaka av masser som skjer i vassdrag og i vassdrag som er varige verna (Bøvti og Finna), er trekt med bakgrunn i dei tilleggsutgreiingane som er gjort. NVE tilrår sterkt at kommunen sørgjer for å oppdatere reguleringsplanane for uttaka som er i varige verna vassdrag med omsyn til ivaretaking av miljøverdiar, og skrive at det kan vere aktuelt med konsesjonsbehandling om dette ikkje følgjast opp. Planforslaget og uttalene som er kome inn, vil vere tilgjengelege på kommunen si heimeside.

Utviding av Jotunheimen nasjonalpark?

Statsforvaltaren i Innlandet har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet å avklare med kommunane om det er aksept for å utgreie utviding av Jotunheimen nasjonalpark.

Aktuelle område for utviding av verneområdet i Lom er:

- området nord for Store Smørstabbind (vest for Leirdalen, omfatter m.a. Skagsnebb/Lofte)
- området mellom Leirdalen og Vidsalen
- området Gokkerdalen, Einsteinshovde/Lauvhø mot Solgegen
- et mindre område i Veodalen som grenser til Hindflla i Vågå.

Kvittingskjølen har også vore spelt inn som eit område som kan vere aktuelt for utviding av Jotunheimen nasjonalpark.

Kommunestyret i Lom hadde ei første behandling av spørsmålet i møte 21. juni, og gjorde følgjande vedtak: Lom kommune gjev tilslutning til at Statsforvaltaren i Innlandet set i gang ein ny prosess med utgreiing av moglegheiter og utfordringar knytt til utviding av Jotunheimen nasjonalpark.

Kommunen tek med dette vedtaket ikkje stilling til spørsmålet om utvida vern kan akseptert, eller til kva for konkrete område som eventuelt er aktuelle for utviding av nasjonalparken.

Grunneigarar i Bøverdalen, på vestsida av Meadalen og setereigarar som kan bli omfatta av eit slikt vern var invitert på informasjons- og dialogmøte på Midtgard 22. september. Statsforvaltaren orienterte her om oppdraget frå Miljødirektoratet, og det vart lagt vekt på at kommunen vil ha svært stor påverknad på om utviding av nasjonalparken vil bli gjennomført. Eventuell igangsetting av verneprosess vil bli gjort i tett dialog med kommunen, der målet vil vere å få fornuftige grenser for å sikre verneverdiane, samstundes som konflikten med lokale bruksinteressar blir gjort så små som mogleg.

Etterpå var det ei god meningsutveksling omkring utfordringar og moglegheiter knytt til utvida verneområde for Jotunheimen nasjonalpark.

Lom kommune informerer

Lomsnytt

nr.2 2022

Status for kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel har no vore ute til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Planen gjeld disponeringa av alt areal i kommunen med unntak av Fossbergom, som har eigen kommunedelplan frå 2020. Gjeldande arealdel er frå 2003, og må seiast å ha gått ut på "dato" og etter kvart mindre tenleg som styringsreiskap for saksbehandling og utvikling.

Første utkast til revidert arealplan var lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i juli 2021. Det kom inn da inn 35 uttaler til planforlaget. Med grunnlag i at det også vart reist motsegnar mot planforlaget frå NVE og Statsforvalteren, kunne ikkje kommunen vedta planen. Motsegnene gjorde at administrasjonen måtte gjere eit omfattaende utgreiingsarbeid i hovudsak knytt til masseuttak i kommunen, i sær da dei uttaka av masser som skjer i vassdrag som er varig verna (Bøvri og Finna).

Nytt planforlag med nye utgreiingar og plandokument som var reviderte etter den første høyringa, var lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring i juli 2022. Høyringsfristen er no ute, og det har come inn 25 høyringsuttaler.

Litt om planforlaget og uttalene som er come inn

Planforlaget som var lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn og høyring, var vesentleg endra sidan den første høyringa. Mellom anna var opphavelg fem nye område som var føreslege for hyttebygging ved den første høyringa, redusert til to, i hovudsak med grunnlag i uttaler frå lokalt knytt til arealkonfliktar med beitebruk, sætting, naturverdiar og friluftsliv. Forslaga i det første høyringsforlaget om hyttebygging på Nævrasetervangen, hyttebygging på ryggen vest for Langmyrin ved Nordsetrin og hyttebygging langs gamle Meadalsvegen, var såleis teke ut. Ved den andre høyringa oppretthaldt ein forslag om eit nytt hytteområde ved Bjønnskaridet (opp til 48 tomter) og eit felt på Nordsetrin mellom Tessvegen og Osvegen (opp til 10 tomter. I fleire av uttalene som er come inn frå lokalt hald ved 2. høyring, er det knytt stor skepsis til dei to hytteområda som er att, og mellom anna Lom Fjellstyre ønskjer ikkje ny hyttebygging i desse områda.

Når det gjeld nye bustadområde utanom kommunesenteret, omfatta planforlaget som var til 2. høyring to utvindingar ved bustadfeltet ved Fritsvollskogen i Garmo. Det vil dreie seg om utlegging av om lag 17 nye bustadtomter, og det er ingen som har vesentlege merknadar til desse utvindingane ved den 2. høyringa.

Det er mangel på areal for næringsutbygging i kommunen. Industri/næringsområdet i Prestøye/Gjeisarøyve/Gjeisarøyve ved Fossbergom, er nær fylt opp, og har ikkje moglegheiter for særleg utvinding. Mykje areal her er dessutan bunde opp av for framtidig trasé for omlegging av RV15. I kommuneplanforlaget er eit næringsområde vest for Lågkollen vidareført frå gjeldande kommuneplan med ei utvinding austover. Området er på heile 195 daa, men krev større grunnlagsinvesteringar knytt til veg, vatn og avlaup for å bli realisert.

Reiselivsbedrifter er i planen lagt ut som fritids- og turistsformål. Ved Storchaugen gard ved Galdesand er det lagt ut ei utvinding av område for slik arealbruk på 82 dekar som i hovudsak omfatar område med skogsmark nord og aust for areal som ligg som fritids- og turistsformål i gjeldande plan. Området er i planforlaget innsnevra ein god del i forhold til det opphavelge forslaget. Det er ingen som har vesentlege merknadar til utvindinga slik den no føreligg.

Eit forslag som var reist om etablering av eit tilbod om utleige av husbåtar på Vågavannet ved kommunegegensa, var møtt med motsegn frå Statsforvalteren ved den første høyringa. Motsegnen er

Lom kommune
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
Telefon: 61 21 73 00



Telefon: 61 21 73 00
post@lom.kommune.no
lom.kommune.no

Lomsnytt

Informasjon fra Lom kommune - nr. 3 2022